



Kvam herad,  
Ordfører Asbjørn Tolo  
Grovagjelet 1  
5600 NORHEIMSUND

Dato: 13.02.2015  
Vår ref.: 2015/1964-1  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.:

## Mogleg revisjon av Kvammapakken

Vi viser til møte, 9 desember 2014, med ordføreren i Kvam, der det vart drøfta mogleg revisjon av Kvammapakken for å kunne prioritere Fv7 Håfjellstunnelen på strekninga Øystese - Fyksesund bru som alternativ til prosjektet Øystese-Laupsa/Skarpasvingen.

Fylkeskommunen stiller seg positiv til at Kvam heradstyre set i gang eit arbeid for å vurdere ein mogleg revisjon av Kvammapakken for å få finansiert Fv7 Håfjellstunnelen.

Fylkesrådmannen vil vidare understreke at framtidige tiltak på fylkesvegnettet i Kvam i hovudsak må finansierast og prioriterast innanfor Kvammapakken. I arbeidet med revisjon av Kvammapakken, vil det også i tillegg til Fv7 Håfjellstunnelen, derfor vere behov for å vurdere andre aktuelle tiltak på fylkesvegnettet i Kvam. Fylkesrådmannen føreset vidare at det også må vurderast ytterlegare lokal delfinansiering gjennom bompengerekkering i Kvam herad, gjennom eventuelt nye bompengesnitt og/eller endringar i eksisterande takst- og rabattopplegg.

Fylkesrådmannen ber om at det vidare arbeidet med revisjon av Kvammapakken vert gjort i regi av styringsgruppa for Kvammapakken

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*